



Dykkar ref. :

Vår ref. : Kristian Råsberg

Dato : 18.01.2022

Salar Bruk AS

Søknad om løyve til motorferdsle i Rylandsvassdraget 2022-2023

Me syner til to-årige løyve om motorferdsle i Rylandsvassdraget gjeve frå 01.01.2017 og frametter, og sender med dette søknad om toårig løyve til motorferdsle i Rylandsvassdraget gjeldande frå 01.01.2022 til 31.12.2023.

Bakgrunn

Salar Bruk er tidlegare innvilga løyve til motorferdsle i Rylandsvassdraget. Erfaringa tilseier at det er eit jamnt behov for slikt løyve. Varigheita på tiltaka har vore mellom ein halv til ein heil time per tur, og er utført i samband med kontroll/justering av m.a. inntaksleidningsarrangementet, samt ulike behov for tilsyn ein som regulant har i vassdraget for å skjøtte dei plikter som følgjer av vassdragsreguleringa.

Søknad om løyve til motorferdsle

Kommunestyret i fhv. Meland kommune har i møte 25.03.2009, sak 38/09 vedteke Forskrift for bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget. Den lokale forskrifta byggjer på §§ 4-6 i motorferdslelova. Forskrifta set strenge føringar til bruk av motorferdsle i vassdraget, når den aktuelle aktiviteten ikkje er heimla i motorferdslelova, men opnar etter § 5 opp for handsaming av saker etter motorferdslelova § 6 dersom særlege grunnar føreligg.

Forskrifta fangar ikkje opp våre aktivitetar direkte sjølv om Salar Bruk AS er ein viktig aktør i Rylandsvassdraget, og har eit jamnleg og varig behov for tilsyn av installasjonar m.m. i vassdraget. Salar Bruk har leidningar, demningar/overlaup, målestavar m.m. i vassdraget, og for at desse til ei kvar tid er operative er ein heilt avhengig av å føre jamnleg tilsyn.

For å utføra denne delen av drifta er det viktig å kunna nytta båt med motor, for på ein rasjonell måte kunna utføra naudsynte gjeremål og service. Det kan også oppstå akutte situasjonar, brekkasjar på installasjonar som er knytt til drifta av anlegget, samt andre nødvendige tiltak med drifta av anlegget, som må gjennomførast. For å avbøta og utbetra slike situasjonar, kan det ofte vera trong for raske aksjonar for å nå fram til aktuell stad/tiltak. Bruk av båt med motor til transport av personell, utstyr m.m. for å avgrensa moglege skader eller utføra planlagde tiltak, vil vera heilt avgjerande. I ein tørr sumar som 2021 var det òg behov for særleg overvaking av vasstilstanda i vassdraget.

Det er avgjerande for både den tekniske drifta av anlegget, og trygging av viktige arbeidsplassar i kommunen. Det føreligg difor særlege grunnar som tilseier at det kan gjevast løyve til motorferdsle.

Med venleg helsing

Alsaker Fjordbruk AS

Elektronisk signert

Kristian Råsberg

Samfunnskontakt
 kristian.rasberg@fjordbruk.no

Alsaker AS

Alsaker
Fjordbruk ASBjølve
Bruk ASBolstad
Bruk ASFjelberg
Fjordbruk ASFjon
Bruk ASFjordbruk
Service ASNordsjø
Fjordbruk ASOnarheim
Bruk ASRogaland
Fjordbruk ASRøvær
Fjordbruk ASSalar
Bruk ASSunnhordland
Fjordbruk ASToftøy
Fjordbruk ASTveit
Brygge ASTysnes
Fjordbruk ASViking
Fjord ASØlve
Bruk ASÅmøy
Fjordbruk AS